

Mønsterpraksis for fagterminologi

Rapport frå eit mønsterpraksisprosjekt for innsamling, registrering og tilgjengeleggjering av fagterminologi i universitets- og høgskolesektoren

1 Bakgrunn

I paragraf 1–7 i universitets- og høyskolelova heiter det at «[u]niversiteter og høyskoler har ansvar for vedlikehold og videreutvikling av norsk fagspråk». Hausten 2011 arrangerte Universitets- og høyskolerådet (UHR) og Språkrådet eit idéseminar om korleis denne paragrafen kan verkeleggjerast. Under seminaret kom det fram at termbankar kan vere eigna verkty for å samle inn og registrere norsk fagterminologi.

I etterkant av idéseminaret sette Språkrådet difor ned ei hurtigarbeidande utgreiingsgruppe som skulle sjå på ein mogleg mønsterpraksis for innsamling, registrering og tilgjengeleggjering av fagterminologi i UoH-sektoren. Ifølgje mandatet skulle gruppa greie ut ein slik mønsterpraksis, diskutere og anbefale ei føremålstenleg datateknisk løysing og peike ut eitt eller fleire fagområde som eigna seg til eit pilotprosjekt som skulle prøve ut mønsterpraksisen. [Rapporten](#) frå gruppa vart lagt fram i mars 2012.

2 Igangsetjing av mønsterpraksisprosjektet

Språkrådet sette i gang mønsterpraksisprosjektet seint på hausten 2012. Prosjektet skulle vare ut 2013. I tråd med tilrådingane i rapporten vart kjemi peikt ut som fagfelt der ein skulle gjennomføre dette terminologiarbeidet.

Utgreiingsrapporten synte til at dei nasjonale fagråda underlagt Universitet- og høyskolerådet (UHR) burde spele ei viktig rolle i terminologiarbeid i sektoren. Nasjonalt fagråd for kjemi vart difor kontakta for å danne ei arbeidsgruppe for prosjektet. Sjølv fagrådet kunne av ulike grunnar ikkje utgjere arbeidsgruppa, men stilte seg positiv til prosjektet. Leiar for fagrådet tok kontakt med det faglege nettverket for å høyre om nokon kunne stille. Sju professorar og førsteamanuensar melde seg. Dei kom både frå Universitetet i Oslo og Universitetet i Bergen, noko som gav ei viss geografisk spreining. Dette var ønskjeleg. Om ein legg til Språkrådets representant, som var prosjektleiar og terminolog, enda arbeidsgruppa opp med totalt åtte medlemmar.

Tore Benneche	professor, Universitetet i Oslo
Knut Børve	professor, Universitetet i Bergen
Nils-Åge Frøystein	førsteamanuensis, Universitetet i Bergen
Tone Charlotte Gadmar	førstebibliotekar, Universitetsbiblioteket, Universitetet i Oslo
Bjørn Grung	førsteamanuensis, Universitetet i Bergen
Bjørn Pedersen	professor emeritus, Universitetet i Oslo
Leiv K. Sydnes	professor, Universitetet i Bergen
Ole Våge	seniorrådgjevar, Språkrådet

Tabell 1: prosjektmedlemmar

I tillegg var seniorrådgjevar Rachel Glasser frå UHR observatør og vart orientert undervegs om korleis prosjektet utvikla seg.

3 Teknisk løysing

Rapporten understreka at den tekniske løysinga måtte tilfredsstillе gjeldande terminologiske standardar, men gjekk ikkje så langt som å tilrå ei særskild løysing. Fleire eksisterande termbankar vart nemnde i rapporten.

Samstundes som mønsterpraksisprosjektet vart sett i gang, vart Språkrådets termwiki oppgradert. Denne løysinga er ein wikibasert termbank som vart gjort svært brukarvenleg både for registrering av og søk på termar. Vidare er wikibaserte løysingar lisensfrie, så framtidige kostnader er først og fremst avgrensa til vanleg drifting. I tillegg er innhaldet i termwikien indeksert i søkjemotorar på Internett. Desse føremonene gjorde at ein valde å nytta denne løysinga for prosjektet.

Ein førespurnad vart sendt til Universitets- og høgskolerådet for å høyre om dei kunne ta på seg å vere vertskap for termbanken. Dei hadde ikkje moglegheit til det, så Språkrådet tok difor på seg ansvaret for drift og vedlikehald av termbanken.

4 Arbeidsmåte 1

Det vart gjort forsøk på eit felles oppstartsmøte med alle prosjektmedlemmane. Dette lét seg ikkje gjennomføre. Prosjektleiari gjennomførte heller eit innleiande møte med prosjektmedlemmar frå Universitetet i Bergen og to innleiande møte med prosjektmedlemmar frå Universitetet i Oslo. I desse møta vart det gjeve ei kort innføring i terminologiske arbeidsmetodar og bruk av termwikien. Innføringsheftet *Termlosen* vart delt ut. Ein gjekk også igjennom føremålet med prosjektet og diskuterte ulike sider ved det.

I det heile synte det seg vanskeleg å arrangere fellesmøte i løpet av prosjektperioden der alle prosjektmedlemmane kunne delta. Det vart diskutert om ein skulle nytte e-post i staden for, men ein kom raskt fram til at dette fort kunne verte uoversiktleg.

Samstundes opna den teknologiske løysinga for at ein kunne nytte eit elektronisk forum for fagdiskusjonar. Gruppa gjekk difor inn for å nytte diskusjonsforumet i termwikien som det primære arbeidsrommet. Sidan kvar einskild termpost¹ hadde si eiga diskusjonsside, var det enkelt å halde diskusjonane frå kvarandre.

Ifølgje tilrådingane i rapporten burde ein ta utgangspunkt i eksisterande terminologiressursar. Rapporten nemner fleire av desse, m.a. elektroniske og vanlege ordlister. Under dei innleiande diskusjonane foreslo ein av medlemmane at ein kunne ta utgangspunkt i ei termliste som nyleg hadde vorte utvikla i samband med utgjeving av *Kjemien stemmer* (Cappelen Damm 2011), eit læreverk i kjemi. Vedkomande var medredaktør for dette læreverket. Termlista vart rekna for å være relevant for studentane og inneheldt både termar og definisjonar.

Fagpersonar fekk betalt for å leggje inn termar og definisjonar frå termlista i termwikien. I tillegg vart materialet supplert med synonyme termar og i nokre tilfelle alternative definisjonar. Produksjonen for termregistrering låg her på opp mot 7 termpostar i timen.

Prosjektgruppa fekk så i oppgåve å diskutere desse termpostane puljevis, om lag 30 termpostar i

¹ Ein termpost tilsvarar om lag ein ordbokartikkel i ei ordbok. I ein termpost finn ein termar på ulike språk med den tilhøyrande definisjonen på norsk.

månaden. Prosjektleiari sende ut ein e-post med informasjon om kva termar som skulle diskuterast samt tidsfrist for diskusjonen for kvar pulje (sjå vedlegg A).

Både skrivemåten til termar og definisjonsformuleringar vart diskuterte i dei elektroniske diskusjonssidene i termwikien. Etter ende månad og diskusjon fekk termposten statusen ”godkjend” og vart gjort tilgjengeleg for søk i termwikien. I nokre få tilfelle var ikkje diskusjonen oppklarande, og ein nytta e-post for å kome til endeleg semje.

Prosjektleiaren hadde ansvaret for å koordinere desse diskusjonane.

Ei slik arbeidsform med asynkron diskusjon basert på eksisterande termlister synte seg å vere effektiv. Men samstundes var deltakinga låg. Mange termpostar fekk berre éin eller to kommentarar. Nokre fekk ingen kommentarar. Med andre ord var det noko ved arbeidsforma som ikkje engasjerte. Rett nok hadde redaksjonen av læreverket der termlista var henta frå, allereie gått igjennom terminologien. Men av faglege grunnar ville det vere ein føremon om arbeidsgruppa kvalitetssikra dette materialet sjølv. Ved fleire høve synte det seg naudsynt, t.d. ved uheldige og upresise definisjonar i den aktuelle termlista.

Behovet for ei anna arbeidsmetode melde difor seg.

5 Arbeidsmåte 2

Ei ny arbeidsmetode vart prøvd ut hausten 2013. I staden for å ta utgangspunkt i eksisterande termlister, tok ein no fatt i engelskspråklege pensumbøker og plukka ut termar manuelt derifrå. Ein fagperson fekk betalt for å gå igjennom *Introduction to Chemistry* (2009) av Rich Bauer, James Birk og Pamela Marks. Boka er pensum i innføringsemnet KJEM 100 ved Universitetet i Bergen. Seinare vart ei pensumbok frå det parallelle emnet KJM 1100 ved Universitetet i Oslo også nytta for å plukke ut termar (*General Chemistry. The Essential Concepts* (2011) av Raymond Chang og Jason Overby).

Desse vart lagt inn i eit Excel-ark saman med forslag til definisjonar frå ulike autoritative fagordbøker: *Oxford Dictionary of Chemistry* (2008), *Penguins Dictionary of Chemistry* (2003), *McGraw-Hills Dictionary of Chemistry* (2003) og ordlistene frå dei to pensumbøkene over. Excel-arket skulle fungere som grunnlagsmateriale i eit arbeidsmøte, der ein skulle kome fram til norske termar, ev. synonym og kortformer og tilhøyrande definisjonar (sjå vedlegg B for døme).

Det hadde synt seg vanskeleg å samle alle medlemmane i arbeidsgruppa i eit felles fysisk møte. Mønster Vi avgjorde derfor at vi skulle skilje gruppa i ei bergensgruppe med kjemikarar frå UiB og ei oslogruppe med kjemikarar frå UiO.

Bergensmedlemmane møttest 3. oktober, og i løpet av eit møte på 3,5 timar (inkl. pause) gjekk dei gjennom eit Excel-ark med 40 termar. I tillegg vart ein del termar lagt til i løpet av møtet for å ta med tematisk nærskyldte omgrep, så ved slutten av arbeidsøkta var resultatet på 47 termar på norsk og engelsk, samt definisjonar. Medlemmane av gruppa hadde på førehand fått tilsendt lista og vorte oppmoda til å sjå på og velje ut ein eigna definisjon som utgangspunkt for diskusjonen. Dette førebuingarbeidet bidrog nok ein del til å gjere møtet svært effektivt.

I etterkant fekk fagpersonen tilsendt resultatata frå arbeidsmøtet, altså 47 termpostar med norske og engelske termar, samt ein definisjon som medlemmane hadde vorte samde om. Med norsk term meiner ein både bokmål og nynorsk. Om lag halvparten av definisjonane fekk også nynorsk

språkdrakt. Vedkomande registrerte dette i termwikien. Etter registreringa gjekk prosjektleiar gjennom termpostane og godkjende dei, slik at dei vart tilgjengelege for søk i termwikien.

Den 1. november vart eit liknande arbeidsmøte gjennomført med oslomedlemmane. Der gjekk gruppa igjennom 20 termar i organisk kjemi i eit møte som varte i nesten 2,5 timar med ei kort pause. Framgangsmåten var den same som i det førre møtet.

Den 27. januar møttest bergensmedlemmane igjen, og i løpet av eit møte på 3 timar (inkl. pause) gjekk ein igjennom 27 termpostar.

Den første arbeidsmåten hadde altså ein produksjon på om lag 7 termpostar pr. time. Arbeidsmåten som vart prøvd ut i hausthalvåret er sjølvstekt meir tidkrevjande sidan den inneber både manuell gjennomgang av pensumbøker og meir etterarbeid i termwikien.² Produksjonen var her rett under 2 termpostar i snitt pr. time. I tillegg kom tidsbruk under sjølve møta.

6 Resultat

Resultatet frå prosjektet er 324 termpostar som ligg tilgjengelege i Språkrådets termwiki. Alle desse har termar på bokmål, nynorsk og engelsk, i tillegg til definisjonar. Ein god del av dei har også med synonyme termar.

Føremålet med prosjektet har ikkje berre vore å opprette ein føremålstenleg terminologisk ressurs for kjemi, men først og fremst å teste ut ein mogleg mønsterpraksis for sektoren.

To arbeidsmåtar har vorte nytta. Den første arbeidsmåten har synt seg raskare og rimelegare, men har i mindre grad engasjert prosjektmedlemmane. Ein lågare grad av fagdiskusjon av kvar termpost kan ha ført til at den terminologiske kvaliteten ikkje er vorten optimal. Den andre arbeidsmåten har kravd større grad av deltaking av prosjektmedlemmane samstundes som den har hatt høgare kostnader. Likevel er erfaringa at sjølve diskusjonsmøta synte seg svært effektive, kanskje fordi medlemmane fekk tilsendt definisjonsforslag på førehand.

Sjå vedlegg C for ei oversikt over kostnadane til prosjektet.

Som eit tiltak for å marknadsføre termbanken har ein orientert både studentane sine fagutval og linjeforeiningar i kjemi ved UiO, UiB og NMBU, NTNU og instituttleiingane om resultatet av prosjektet. Det nasjonale fagrådet i kjemi er også informert.

² Ein kunne òg ha plukka ut termane frå emneordlista på slutten av pensumbøkene, og dette ville nok vere raskare og dimes rimelegare. Denne metoden vart det ikkje tid til å prøve ut, men har synt seg effektiv i andre prosjekt, t.d. ved utviklinga av ei termliste ved institutt for fysikk og teknologi (UiB).

7 Tilrådingar

Med bakgrunn i dette mønsterpraksisprosjektet kan følgjande erfaringar vere relevante for andre fagmiljø som ønskjer å gjennomføre eit terminologiprojekt:

1 Prosjektgruppa

Ei prosjektgruppe i terminologi kan springe ut av det nasjonale fagrådet for fagfeltet det gjeld. Medlemmane kan anten vere frå fagrådet, eller fagrådet kan foreslå eller oppnemne medlemmar. Ein terminolog bør også vere med i eit slikt prosjekt. I tillegg bør ein vurdere om ein student kan sitje i gruppa. Gruppa bør vere på mellom fem og åtte medlemmar, og dei bør kome frå ulike universitet og høgskolar i landet. Prosjektet kan ha ei avgrensa verketid, t.d. fire år, men ein bør også opne for å forlenge eller fornye det.

2 Oppstartsmøte

Prosjektet bør setjast i gang med eit felles oppstartsmøte der ein avklarar forventningar og viktige spørsmål om t.d. korleis og i kva grad prosjektmedlemmane kan bidra. Det er også naturleg at terminologen eller ein annan kompetent person gjev ei kort innføring i terminologisk teori og metode. Alle medlemmane bør få innføringsheftet *Termlosen* før møtet. Det kan bestillast gratis på [Språkrådets nettsider](#).

3 Termbank

Prosjektmedlemmane må velje kva termbank den aktuelle terminologien skal registrerast og gjerast tilgjengeleg i. Ein termbank er ein database med terminologisk innhald, dvs. eit verktøy der ein lagrar fagtermar og definisjonar som brukarar kan søkje i. Det finst fleire termbankar på marknaden. Språkrådets termwiki er ei brukarvenleg gratisløyising som har fungert godt i mønsterpraksisprosjektet. Noregs handelshøgskole (NHH) tilbyr også ei [termbankløyising](#) til sektoren.

4 Val av termar

Prosjektet bør ta utgangspunkt i brukarnær terminologi som studentane møter i pensumlitteraturen. Det kan vere føremålstenleg å betale ein fagperson (t.d. mastergradsstudent) for å gå igjennom og plukke ut termar frå ei pensumbok. Eit raskare alternativ kan vere å plukke termane frå emneordregisteret i slutten av pensumboka.

5 Arbeidsgrunnlag

Termene bør supplerast med forslag til definisjonar frå autoritative kjelder, t.d. (engelskspråklege) fagordbøker. Forslaga kan samlast i eit eigna ark som fungerer som arbeidsgrunnlag for diskusjonar (sjå vedlegg B lenger nede).

6 Arbeidsform

Gruppa bør møtast minst to gongar i året for å gå igjennom materialet. I møtet kan ein ta utgangspunkt i arbeidsarket med engelsk term og forslag til definisjonar og bli samde om norske termar på begge målformer, ev. synonyme termar, kortformer og ein definisjon på norsk. Etter møtet må alt leggjast inn i den valde termbanken, t.d. av den same fagpersonen som plukka ut termane.

7 Alternativ arbeidsform

Om det er vanskeleg å samle alle prosjektmedlemmane i eit arbeidsmøte, kan ein vurdere å dele gruppa i to ved visse omstende. Eit anna alternativ kan vere å nytte eit elektronisk arbeidsrom for diskusjonane, men fysiske arbeidsmøte har synt seg best.

8 Stilark

Eit stilark for korleis terminologiske data skal registrerast i termbanken er eit godt og nødvendig hjelpemiddel. Arket kan lagast av terminologen i prosjektet. I stilarket står det t.d. korleis ein bør referere til kjelder, formulere definisjonar, kommentarar osv. Eit stilark sikrar effektiv, einskapleg og strukturert termregistrering i termbanken (sjå vedlegg D lenger nede).

9 Bruk av eksisterande materiale

Om prosjektgruppa har tilgang til allereie kvalitetssikra terminologisk materiale, kan ein vurdere å leggje dette rett inn i termbanken utan eigne diskusjonar for raskt å oppnå ei viss mengde termar.

10 Marknadsføring av termbanken

Innhaldet i termbanken må gjerast kjent for relevante brukarar, ikkje minst førelesarar og studentar på lågare grad. Det er ein føremon om studentane vert orienterte om termbanken ved semesterstart, særleg om pensum føreligg på engelsk. Fagutvala og linjeorganisasjonane til studentane kan også vere ein eigna kanal.

11 Drift

Innhaldet i termbanken bør jamleg oppdaterast og helst vidareutviklast i tråd med den faglege utviklinga på fagfeltet.

Vedlegg A

Organisering av arbeidsmåte 1

	Tal på termpostar	Utsendingsdato	Frist
1. pulje	19	16.11.2012	10.12.2012
2. pulje	20	8. 2.2013	19.3.2013
3. pulje	31	26.3.2013	22.4.2013
4. pulje	30	7.5.2013	3. 6.2013
5. pulje	30	5. 6.2013	1.7.2013
6. pulje	33	11.9.2013	2.10.2013
7. pulje	32	7. 10.2013	7.11.2013
8. pulje	31	8.11.2013	6.12.2013
9. pulje	24	10.12.2013	7.1.2014

Vedlegg B

Utdrag frå tabell for arbeidsark som diskusjonsgrunnlag for møte (arbeidsmetode 2)

Engelsk term	Oxfords <i>Dictionary of Chemistry</i>	Penguins <i>Dictionary of Chemistry</i>	McGraw-Hills <i>Dictionary of Chemistry</i>	Norsk term (må fyllast ut i arbeidsmøte)	Norsk definisjon (må fyllast ut i arbeidsmøte)
solvent	A liquid that dissolves another substance or substances to form a solution	In a solution, the substance which makes up the bulk of the solution is usually termed the solvent	The part of a solution the is present in the largest amount, or the compound that is normally in the pure state (as the solutions of solids or gases in liquids		
concentration	The quantity of dissolved substance per unit quantity of a solution	The amount of substance in a given volume of solution or, for gases, the molar proportion in the gas	In solutions, the mass, the volume, or number of moles of solute present in proportion to the amount of solvent or total solution		
dilute solution	X	A dilute solution is one which only a small amount of solute	X		
osb.					

Vedlegg C

Tabell for prosjektkostnader

Frikjøp, fagperson for termregistrering (arbeidsmetode 1)	20 000
Reise, prosjektleiar (2 møter i Bergen)	3 585
Innkjøp av pensumbøker	1 746
Innkjøp av fagordbøker	837
Engasjement, fagperson for termregistrering (arbeidsmetode 1 og 2)	24 260
Totalt	50 428

Vedlegg D

Døme på stilark

Ein term bør stå i eintal, ubunden form og med små bokstavar.

Synonym, kortformer og formlar bør registrerast i egne felt i termbanken.

Ein definisjon bør byggje på gjeldande terminologiske prinsipp. Desse kan hentast frå *Termlosen*, jf. punkt 1 i tilrådingane over. Eit synonym er ikkje ein definisjon. Definisjonane bør vere forståelege for ein student.

Eventuelle kommentarar til definisjonen bør skiljast ut og førast i eit eige felt i termbanken.

Terminologisk innhald bør ha referansar som følgjer på førehand avtalt stil, t.d. Chicago, MLA, AMA, CSE osv., og dette bør gå fram av stilarket. Om det er arbeidsgruppa sjølv som står bak ein definisjon eller ein term, er det gruppa som skal førast opp som referanse. Ein bør i den grad råd er unngå å nytte nettsider som referanse.